



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136

## Uttale - Alver 322/71 - Mjåtveit - terrenginngrep

Vi viser til brev frå kommunen datert 03.10.23. Saka gjeld søknad om å heve terrenget på delar av eigedomen. Terrenget skal hevast med inntil 1,5 meter på eit areal på om lag 200 m<sup>2</sup> ved bruk av jordmassar frå anleggsarbeidet i Sveåsen som ligg like i nærleiken.

Tiltaket skal plasserast innanfor det som i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka med planid. 125620060002, er avsett til byggeområde for bustadar, B1a-fs. Det går fram av kommunedelplanen for Meland, planid. 1256-20190001, at reguleringsplanen er vidareført, men med supplerings/endring som bestemt i føresegn 4.7.1. Det er vurdert at tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Eigedomen ligg innanfor nedslagsfeltet til Mjåtveitelva der det er førekomst av elvemusling.

### Statsforvaltaren sine merknader

Vi legg til grunn at saka er sendt til oss med bakgrunn i at eigedomen ligg i nedbørsfeltet til kritisk trua elvemusling, og at kommunen ønskjer rettleiing på dette temaet.

Etter det vi forstår vil avrenning gå mot etablerte fangdammar. Ettersom tiltaket er av mindre omfang, og avrenninga skal gå igjennom to etablerte fangdammar, meiner vi tiltaket er forsvarleg. Arbeidet bør likevel gå føre når det er lite nedbør. Vi minner om plikt til å unngå forureining i § 7 forureiningslova. Dersom det er fare for skadeleg avrenning, må tiltakshavar setje i verk avbøtande tiltak.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

